

Sakliste til instituttstyremøtet 31. mai 2010

Møtestad: møterom 342, Christiesgt. 13.

Møtetidspunkt: kl. 09.00-11.00

I

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

II

PROTOKOLL FRÅ INSTITUTTRÅDSMØTE DEN 11. MAI 2010

III

FULLMAKTSAKER

IV

ORIENTERINGSSAKER

- **Institutta - ansvar, mynde og organisering. Gjennomgang instituttreglementet.**
- **Habilitetsreglar ved tilsetting. Gjennomgang.**
- **Styringsdialog for forskingsgruppene 20. mai 2010**
- **Styringsdialog for programstyrene ved instituttet**
- **Nettsider ved instituttet. Gjennomgang.**
- **Tilsetting førsteamanuensis i universitetspedagogikk**

V

NYE SAKER I DETTE MØTET

06/2010 Innstilling to førsteamanuensis-stillingar (LU) (vedlegg 1)
Orienteringssak/diskusjonssak. Sakspapira blir levert ut separat.

07/2010 Utlysingstekst for professor i pedagogikk (Bach./master) (vedlegg 2)
Orienteringssak/diskusjonssak.

Vedlagt ligg forslag til lysingstekst for professor i pedagogikk knytt til studieprogramma bachelor- og master i pedagogikk.

08/2010 Budsjett for instituttet (vedlegg 3)

Om budsjett-tildeling for instituttet

Institutt for pedagogikk er tildelt 466 734 kroner i driftsmidler for 2010. Dette skal for institutt for pedagogikk dekke dei same utgiftene som i 2009 var dekket av Byggløyvinga for Christiesgt 13. Hemil-senteret var også dekket av denne driftsløyvinga. Ei halvering av driftsutgiftene for Christiesgt 13, likt delt mellom institutt for pedagogikk og Hemil-senteret, samt utskilling av spesifikke utgifter til forbetring av fellesareal på bygget, vil gi eit godt utgangspunkt for å stipulere driftsmessige minimumsutgifter for institutt for pedagogikk i 2010. Dette er reine basisutgifter som går til å dekke utgifter til telefon, kopiering, rekvisita, it-utstyr og møblement.

Rekneskapet for 2009 syner 598 000 kr i drift for Christiesgt 13, herav ca 70 000 kroner til spesifikke utgifter i fellesareal som ikkje er ein del av institutt for pedagogikk eller Hemil-senteret.

Rekneskapet for Bygg C13 for 2009 speglar ei nøktern bruk av midlar, og det vil vanskeleg la seg gjere å redusere denne ytterlegare ved institutt for pedagogikk. Snarare bør ein rekne med ei auke. Eit minimumsforbruk vil ende på følgjande $(598\ 000\ \text{kr} - 70\ 000\ \text{kr})/2 = 264\ 000\ \text{kr}$.

Instituttet vil såleis sitje igjen med eit maksimum på 200 000 kroner i driftsmidlar som kan disponerast til andre føremål.

Om budsjett-tildeling for programstyra

Driftsmidlane til programstyra skal dekke alle utgifter til drift av studieprogramma, som til dømes pensumlitteratur, undervisningsfagleg kompetanseutvikling, studenttiltak for opparbeiding av kulltilhøyrgheit, seminar, gjesteforelesarar og andre studierelaterte utgifter. Løyvinga her er 50 000 til kvart studieprogram i tillegg til overførte midlar frå 2009.

Om budsjett-tildeling til forskingsgruppene

Forskningsgruppene ved Det psykologiske fakultetet får tildelt midlar etter følgjande fordelingsmodell:

<i>Gruppene blir for 2010 tildelt "annuum"/frie forskningsmidler med følgjende satser:</i>	Sats
Belønningsmidler og annuum	
"Annuum" og frie forskningsmidler	5 750*
Avlagte disputaser	40 000**
Ferdige hoved- og master oppgaver	3 000***
Publiseringssensitiv	2 300****
Sats driftsmidler stipendiat	26 000
Sats driftsmidler post doc	15 750*

*) 5.750 for vitenskapelig ansatte/15.750 for post docs overføres instituttet Annuum deles 50/50 mellom institutt og forskningsgruppe.

***) Gjelder disputaser i 2009

****) Gjelder veiledning av hoved- og masteroppgaver høst 2008 og vår 2009

*****) Gjelder publikasjoner registrert i FRIDA for 2008

For forskningsgruppa PLP er fordelinga slik:

170042 PLP - Productive Learning Practice

Belønningsmidler for master- og hovedoppgaver	27 000	
Belønningsmidler publisering - registrert i FRIDA for 2008	66 700	
Belønningsmidler avholdte disputaser 2009	160 000	
Annuum vitenskapelig ansatte	93 438	
Annuum stipendiater	114 183	
Sum bevilgning forskningsgruppe	461 321	I tillegg til midlane over mottek
Overført fra 2009	118 167	forskningsgruppa
Totalt disponibelt 2010	579 488	PLP 300 000 kroner i såkornsmidlar i

2010. PLP fekk også overført ubrukte såkornmidlar frå 2010. Totalt hadde PLP omlag 417 000 tilgjengeleg i såkornsmidlar pr. 10. mai 2010. Då forskingsgruppa PLP er ”gamle” institutt for pedagogikk vil instituttet naturleg ha innverknad på korleis midlane der skal fordelast. Forskingsgruppa blir lagt ned i løpet av 2010 og bli erstatta av fem forskingsgrupper som har sitt utgangspunkt i PLP.

Forskingsgruppa har pr. 10. mai ca 128 000 i frie midlar i tillegg til såkornsmidlar på om lag 417 000 kroner. Desse midlane er løyvd til forskning og skal difor brukast på formål som tener forskning.

Forslag til vedtak:

Institutt for pedagogikk fordeler ikkje vidare noko av sjølvbevilgninga på 466 734. Studieprogramma forhold seg til sine respektive øyremerka løyvingar.

For midlane disponible i forskingsgruppa PLP følgjer annumsløyvingar og belønningssmidler person inn i personleg annum.

Kvar av dei fem nye forskingsgruppene får som oppstartskapital vidarefordelt 30 000 kroner frå såkornsmidlene til PLP. I tillegg kan desse forskingsgruppene søke instituttet om ytterlegare midlar til definerte behov eller prosjekt. Frist for å søke om ytterlegare midlar blir satt til 20. august 2010.

09/2010 Møtedatoar

Følgjande møtedatoar er foreslått for haustsemesteret 2010:

Onsdag 11. august kl. 09.00-11.00

Onsdag 1. september kl. 09.00-11.00

Onsdag 6. oktober kl. 09.00-11.00

Onsdag 10. november kl. 09.00-11.00

Onsdag 15. desember kl. 09.00-11.00

Forslag til vedtak:

Dei føreslegne møtedatoane vert vedtekne.

10/2010 Oppstartseminar hausten 2010. Nedsetting av komité.

Institutt for pedagogikk markerer opprettinga av instituttet med ei haustseminar som skal famne alle fagmiljøa ved instituttet.

Forslag til vedtak:

Det blir oppnemnt ein arbeidskomite for seminaret. Denne består av ein person frå kvart av fagmiljøa universitetspedagogikk, utdanningsvitenskap og lærarutdanning. Representantane frå instituttrådet som tilhøyrrer dei ulike miljøa er ansvarlege for å finne representant frå sitt fagmiljø og melde desse inn til administrasjonssjef innan ei veke.

11/2010 Representasjon for dei nasjonale forskarskulane NATED og NAFOL i programstyret for PhD-utdanninga.

12/2010 **Eventuelt**